


# Svendesen-huset i Ullahammaren

Når ein køyrer vegen frå Austnes og utover mot Ulla og kjem so langt at utsynet mot havet opnar seg, går det ein veg til venstre ned til Ullahammaren. I dagens travle tider er det få som ansar denne vegen. Dei hastar berre forbi og køyrer over brua og til endes på granneøya i ei fart som om dei skulle i jordmorskyss. Dette til trass for at Ullahammaren endå i dag er ein av dei mest særmerkte og unike stadane i heile kommuna.

Av Lars Hatlehol

Det første som fell i augo når ein køyrer ned til Ullahammaren er det staselege Svendsenhuset. Det har ein stilrein arkitektur og er sers godt vedlikehalde. Dei noverande eigarane har ikkje falle for freistinga å skifte ut dei vakre småruta vindaugo med sterile thermophanruter, sjølv om slike ville føre med seg lite vedlikehald, og innsparing i brenselutgiftene.

Det var Knut Svendsen som bygde huset i 1864. Han var bestefar til Karl Svendsen, som eig grannehuset. Karl er vel den som har fortalt meg mest om farne tider i Ullahammaren. I dei over 30 år eg har havt eit lite fiskarhus på Ulla har Karl og eg vore grannar og gode vener. No har helsa hans svikta. Han er komen til sjukeheimen i Brattvåg, men me møtest av og til og talar saman om åra som er farne.



Svendsen-huset i Ullahammaren, stort og staseleg som i si tid husa over 60 fiskarar.

Far til Knut Svendsen kom frå Ørsta til Gamlem der han gifte seg med ei jente frå garden Brusdal. Det var heile 11 born i ekteskapet, 10 gutar og ei jente. Borna for vide vegar, Knut flytte til Ulla. Der vart han krambugut med Webjørn (broren) og den vidgjetne humoristen og forretningsmannen Johan Løegh. Desse to dreiv stor forretning i Ullahammaren, men av ymse grunnar enda det med konkurs for dei.

Knut Svendsen sin tanke var å bli slakter, og han hadde alt ordna seg med ein læreplass i byen. Men so slo torskefisket til, og havet vart arbeidsplassen hans. Han vart gift med ei jente frå Vegsund, Karen heitte ho, og dei fekk 8 born. 4 jenter og 4 gutar. - Knut måtte på eit kvar vis ha lagt seg opp ikkje so liten

middel i og med at han bygde seg so gjevt eit hus. Heile 13 bygningsfolk var med å føre opp huset.

Det er Marie Bøen som eig huset no, og ho bur der heilt åleine. Ho er dotter til eldste sonen til Knut, Filip heitte han. Ho har vore enkje sidan krigsåra. Då miste mannen hennar livet på Svalbard, der han gjorde teneste.

Marie og mannen hadde ein son, Kåre Bøen. Han bur i Ålesund, men har stor omtanke for huset på Ulla. Kåre er ære fortent for all omtanke og for allt arbeid han legg ned for å halde den vakre og tradisjonsrike bygninga i slik ein mønsterverdig stand.

Det eg her skriv om Svendsenhuset er berre etter minnet og det grannane mine på Ulla har

fortalt. Eg har ikkje gjort notater av noko slag. Og soleis er det skjøneleg at feil kan ha kome inn. Men i store drag trur eg at alt er autentisk.

Då eg sette meg ned for å skrive var det igrunn soga om Svendsenhuset eg tenkte på. Men det fell naturleg å fortelje aldri so lite om den store aktiviteten og det pulserande livet på Ulla rundt hundreårsskiftet.

Frå hundreårsskiftet og fram etter var det eit eventyrlig torskefiske frå Ulla, likeeins som andre stader i fylket. Unda Ulla brukte dei for det meste på Skåragrynna, altso etter måten ikkje so lang utror. Under torskefisket var det opp til 500 mann som var med på fisket på Ulla. Korleis den vesle staden kunne hyse so mange, er vanskeleg å skyne. Men i Svendsenhuset berre bud-

de det 60 fiskarar! men då var det «flatsenger» i heile huset. Når husnaua var som verst gjorde han Hammers-Ole reint grisehuset sitt og hyste 12 mann der. Folk frå Innlandet (Hildrestranda) hadde rorbuer inn etter heile Vålen. Sjøbuene sto tett i tett. På «Store-buda» dreiv Elias frå Flem stort fiskemottak. Han hadde trandamperi, og han eksporterte til og med is til utlandet. Inne på Vålen kunne det ligge 70-80 båtar. På Eljas-buda var det brennevinshandel, og det fortelst at jordakarane var utspekulerte når det gjaldt å kjøpe drikkevarer på borg.

Det var ikkje hamn på Ulla. All fisken måtte berast i kaser (ei kase er ei stor handfletta korg, eigenarta og funksjonelt utforma til å bere på ryggen. Den var forsynt med bere-taug.) og vart båret frå båtane og opp i budene.

No er både Store-buda og dei hine sjøbudene rivne ned og selde og oppatbygt andre stader. Berre Åkrebuda står einsleg att. Eljasbuda, vel den eldste av dei alle, fekk store stormskader for ikkje so mange år attende. Per Ulla, son til John P., baud seg til å restaurere på visse vilkår, men etter det som er meg fortalt stranda dette på eit allmektig og allvitande byråkrati. Og so vart endå eit av kulturmerka frå stor-domstida på Ulla borte.

Eit handfast minne frå Ulla har eg. Far dreiv fiske der like etter hundreårsskiftet. Den nære venen min, Ingleiv-Severin, som no er avliden, hadde teke vare på eit av dei gammmerka far brukte og som han hadde brennt namnet sitt på med svi-jarn.

Dette fekk eg med Severin. Det var ei gåve eg vart mykje glad for.